



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Bjarne Otnes, 71 25 85 75

Tillegg til uttale - konsesjon - Rauma og Molde - Isfjorden - Fannefjorden - ny 420 kV kraftledning - koblingsstasjon - transformatorstasjon

Vi viser til vårt brev 13.06.2025, der vi gir uttale til melding frå Statnett SF med forslag til utgreiingsprogram for ny 420 kV kraftleidning Isfjorden-Fannefjorden, ny koplingsstasjon i Isfjorden og ny transformatorstasjon ved Fannefjorden (Kleive/Hjelset) i kommunane Rauma og Molde.

I uttalen tar vi mellom anna opp at det ikkje er ønskjeleg at ny kraftline kjem innom grensene for Oltervågen eller Sotnakkvatnet naturreservat. Dersom det ut i frå samla vurdering viser seg mest tenleg om luftspennet som så vidt tangerer innom grensa for eitt av dei, må Statnett SF i så fall ha dispensasjon frå vernereglane.

Klima- og miljødepartementet reviderte sitt rundskriv T-2/16 om miljøforvaltninga sin motsegnspraksis i plansaker 26.05.2025. Rundskrivet ligg også til grunn for miljøforvaltninga sin medverknad i energisaker.

Då vi gav vår uttale 13.06.2025 hadde vi ikkje fanga opp at det er komme inn eit nytt punkt for tiltak som kan komme i konflikt med verneområde: *Innsigelse skal alltid fremmes dersom et tiltak i planforslaget kan kreve dispensasjon etter naturmangfoldloven § 48, første ledd annet eller tredje alternativ («sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig»).* Statsforvalteren kan ikke i mekling frafalle innsigelsen før det eventuelt er gitt dispensasjon fra verneforskriften etter disse alternativene, og vedtaket er endelig.

Dette inneber at Statsforvaltaren vil ha motsegn til ein konsesjonssøknad der luftspenn kjem innom grensa for eitt av reservata, og NVE kan ikkje gi konsesjon for bygging av lina før Statsforvaltaren ev. har gitt dispensasjon og vedtaket er endeleg. Dersom det blir aktuelt vil det difor vere tenleg om Statnett SF søker Statsforvaltaren om dispensasjon parallelt med konsesjonssøknaden.

Med helsing

Linda Aram (e.f.)
underdirektør

Bjarne Otnes
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Vedlegg:

- 1 Uttale - konsesjon - Rauma og Molde - Isfjorden - Fannefjorden - ny 420 kV kraftledning - koblingsstasjon - transformatorstasjon

Kopi til:

Statsnett SF

Postboks 4904 Nydalen

0423

OSLO